

Årsmelding for Nordmøre spelmannslag 2013

Styret har i meldingsåret vore slik samansett:

Leiar: Magnar Almberg
Nestleiar: Åsta Andreassen
Skrivar: Arnstein Brevik
Kasserar: Rolf Holte
Styremedlem: Grethe Bjerkan

Varamedlemmer: Hilde Bergfald og Helga Eikrem

Rervisorar: Torstein Hamnes og Arve Heggdal.

Aktiviteten i styret har vore heller laber, men i laget ellers har den vore god. Det har vore halde berre 1 styremøte i løpet av året det var på Bergfald den 25 juli. Hovedsaka der var å få på plass ny musikalsk leiar. Helge Husby ba om avløyning som musikalsk leiar etter 12,5 år i vervet. Hilde Bergfald vart einstemig valgt som ny, og ho tok jobben.

Hilde har no fungert snar eit år og altn har sjølvsagt gått utmerket. Laget heldt konsert på Åkerfallet i Tingvoll i år. Det vart stilt med eit mangfaldig program, der Alexey Kourbanov, Gro Kjelleberg Solli og Kine Iselilja Gyldenskog var med.

Arbeidsplan/øvingsplan for 2013/14 var og på saklista. Øvingane starta 24 august vidare har det vore seks øvingar/opptreden i 2013. Vi underheldt på Eldresdag i Aure 28 september.

I 2014 var det plana å delta på Trøndelagskappleiken på Brekstad, men på grunn av ymse grunnar vart det ikkje noko av dette, det var for mange som meldte fråfall slik at vi vart for få. Leiaren var der og kan melde at det var ein god kappleik der Oppdal spelmannslag vann lagspelet.

For styret
Magnar Almberg